

KONTROLLUTVALET I GULEN KOMMUNE

Møtestad:	Gulasalen	Møtedato:	12.05.2014	Frå kl. :	10:45
				Til kl. :	12:00

Faste medlemmer i Kontrollutvalet :	Møtte:	Fortall:	Merknader :
1. Finn Johansen (leiar).	X		
2. Erna Kjelby	X		
3. Jarle Nordgulen.	X		
Varamedlemmer :	Møtte:		
1. Gjerit Knarvik.			
2. John Vatnøy.			
3. Bjørn K. Hjartholm.			
4. Ase L. Vatne.			
Ordføreren har møte og talerett i utvalet:			

Andre som møtte :


SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme og Arnar Helgheim
 KRYSS revisjon v/Terje Førde og Aud Marit Nyland Eide
 Gulen kommune v/rådmann Reidun Halland og økonomisjef Laila Nyhammer

Saker som vart handsama / drøfta i møtet :


09/14 Godkjenning av innkalling og sakliste.
 10/14 Skriv og meldingar.
 11/14 Årsrekneskapen 2013 for Gulen kommune.
 12/14 Oppfølgingsliste 2-2014 Gulen.
 13/14 Eventuelt.


Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste

UNDERSKRIFTER :


 Finn Johansen (leiar)


 Erna Kjelby


 Jarle Nordgulen


 Audhild Ragni Vie Alme, SEKOM-sekretariat

09/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Gulen	12.05.2014	09/14	Ja

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

10/14 SKRIV OG MELDINGAR

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Gulen	12.05.2014	10/14	Ja

Saksvedlegg

- SM 6-14 Brev datert 26.3.2014 frå KRYSS Revisjon til Gulen kommune:
Økonomireglement for Gulen kommune m/vedlegg
- SM 7-14 Fylkesmannen sin rapport frå tilsyn med rehabiliteringstilbodet Gulen
kommune datert 31.03.2014.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Skriv og meldingar vert teke til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Skriv og meldingar vert teke til orientering.

11/14 ÅRSREKNESKAPEN 2013 - GULEN KOMMUNE

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Gulen	12.05.2014	10/14	Nei
Formannskapet			Nei
Kommunestyret			Ja

Saksvedlegg.

Fråsegn frå kontrollutvalet i Gulen kommune datert 12.05.2014.

Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 15.04.2014.

Årsmelding 2013 (Sendt frå Gulen kommune)

Rekneskap 2013 (Sendt frå Gulen kommune)

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.

Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet viser til fråsegn om årsrekneskapen 2013 for Gulen kommune datert 12.05.2014, der rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre .

Revisjon og rådmannen møtte og gjekk gjennom rekneskapen.

Kontrollutvalet si fråsegn til kommunestyret:

Kontrollutvalet viser til fråsegn om årsrekneskapen 2013 for Gulen kommune datert 12.05.2014, der rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre .

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Til
Kommunestyret i Gulen

Eivindvik, 12.05.2014

Fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2013 for Gulen kommune

Årsrekneskapen 2013 for Gulen kommune er handsama i kontrollutvalet i Gulen 12.05.2014.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen for 2013 for Gulen kommune.
- Revisjonsmeldinga frå KRYSS-revisjon datert 15.04.2014.

Årsrekneskapen er levert av rådmann og rekneskapsansvarleg. Årsrekneskapen viser eit brutto driftsresultat på kr 0,261 mill., og etter at det er teke omsyn til eksterne finanstransaksjonar, eit netto driftsresultat på - kr 3,008 mill. Etter at det er teke omsyn til interne finansieringstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3,621 mill. Det er kommunestyret sitt ansvar å disponere mindreforbruket i samsvar med regelverket.

KS si tilråding er at netto driftsresultat bør liggje på 3% av driftsinntektene for å sikre positiv økonomisk utvikling, som for Gulen kommune utgjer 1,33% i 2013. Gulen kommune har såleis ikkje greidd det tilrådde målet.

Driftsbudsjett på inntektssida var kr 221,2 mill. og rekneskapen viser inntekter på kr 226,2 mill. Driftsbudsjettet på kostnadssida var kr 227,3 mill. og rekneskapen viser kr 226,5 mill.

Brutto driftsresultatet er kr 5,882 mill. lågare enn budsjettet.

Gulen kommune har hatt finansinntekter på kr 4,828 mill. og finanskostnader er på kr 6,699 mill. Resultatet på eksterne finanstransaksjonar er kr 0,207 mill. betre enn budsjettet.

Kontrollutvalet merkar seg at det i drifta er mindreforbruk på dei fleste einingane, jfr side 6 i årsmeldinga.

Investeringsrekneskapen er gjort opp med eit udekket beløp på kr 0,265 mill. kroner, som i fylgje kommentarar i rekneskapen vert inndeckt i 2014.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefon	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	Arnar Helgheim 57612784 97581418	Audhild Ragni Vie Alme 57612785 97170064	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Langsiktig renteberande gjeld har auka dei siste åra, og utgjer 173,2% i høve til driftsinntektene i 2013 mot 172,9% i 2012.

Arbeidskapitalen er positiv, og likviditetssituasjonen til Gulen kommune er god.

Kontrollutvalet viser utover dette til årsmeldinga frå administrasjonen, og til revisjonsmeldinga.


Kontrollutvalet meiner at rekneskapen for Gulen kommune kan godkjennast slik han ligg føre.



Finn Johansen
-leiar-



Erna Kjelby



Jarle Nordgulen

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefon	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	Arnar Helgheim 57612784 97581418	Audhild Ragni Vie Alme 57612785 97170064	987 631 554	3705.08.32571

12/14 OPPFØLGINGSLISTE 2-2014 GULEN

<i>SEKOM-sekretariat</i>	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Gulen	12.05.2014	10/14	Ja

Saksvedlegg.

Oppfølgingsliste 2-2014 Gulen.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingslist 2-2014 Gulen vert teke til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Oppfølgingslist 2-2014 Gulen vert teke til vitande.

13/14 EVENTUELT

<i>SEKOM-sekretariat</i>	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Gulen	12.05.2014	13/14	Ja

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.